

PROTOKOLL

Ryfylkefondet

Møtedato: 30.09.2021

Utval: Ryfylkefondet
Møtestad: Digitalt møte i Teams
Tid: 09:00 – 10:00

Til stades: Asbjørn Birkeland, Gerd Helen Bø, Bjørn Laugaland, Bjørn Aril Veland, Marianne Chesak og Geir Ims.

Asbjørn Birkeland deltok frå SAK 34/21

SAKLISTE

29/21 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Vedtak:
Saksliste blei godkjent

30/21 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 25.05.21

Vedtak:
Protokoll frå 25.05.21 blei godkjent

31/21 SØKNAD FRÅ ROGALAND MÅLLAG

Tilråding:
Styret i Ryfylkefondet gjer ikkje støtte til det omsøkte tiltaket.

Vedtak:
Samrøystes i samsvar med tilråding.

32/21 SØKNAD FRÅ RYFYLKE TREBÅTBYGGERI

Tilråding:
Styret i Ryfylkefondet løyver kr. 50.000 til det omsøkte tiltaket

I drøftinga av saka vert det slått fast at dette må reknast å ha nytteverdi for veteranbåt miljøet i heile Ryfylke sjølv om søkjar og verksemd ligg utføre det primære verkeområdet for fondet. Det blei og drøfta å løyva noko meir enn det omsøkte beløp.

Vedtak:
I samsvar med tilråding samrøystes

33/21 RYFYLKE IKS – SØKNAD OM MIDLAR TIL KOSTNADSDEKING OG UTVIDA ARBEIDSKAPITAL – WINDWORKS JELSA

Før handsaming av saka blei gildskapen til ordførar i Suldal drøfta i styret. Som eit føre var prinsipp gjekk Gerd Helen Bø frå møtet i handsaminga i denne saka og Bjørn Laugaland leia møtet.

Tilråding:
Ryfylkefondet løyver kr. 1.750.000,- til tiltak skildra i søknad.

Vedtak: Samrøystes i samsvar med tilråding.(3 av 3 stemmer)

Gerd Helen Bø overtok som møteleiar.

34/21 SØKNAD FRÅ MIL/STAAL

Tilråding:
Ryfylkefondet løyver kr. 50.000,- til tiltak skildra i søknad

Vedtak:
Samrøystes i samsvar med tilråding.

35/21 ARENA RYFYLKE

Tilråding:
Ryfylkefondet løyver kr. 150.000,- til tiltak skildra i søknad.

Vedtak:
Samrøystes i samsvar med tilråding.

36/21 MATSKATTAR I SULDAL

Tilråding:
Ryfylkefondet løyver kr. 120.000,- til det omsøkte tiltak

Vedtak:
Samrøystes i samsvar med tilråding.

37/21 GOE PRODUCTION

Tilråding:
Styret i Ryfylkefondet løyver kr. 1.000.000 i generell utviklingstøtte til GOE i arbeidet vidare mot fullskala produksjon av organisk granulat av

trevirke, slik skildra, med håp om at dei lukkast og at me klarar å behalde dei i regionen.

I drøftinga i saka ønsket styret å presisere at dette må reknast som eit sjeldan unntakstilfelle fordi det er ein stor grad av innovasjon og potensiell oppskallering som òg vil gje positive effektar knytt til lokal foredling av trevirke og dermed auka verdiskaping for fleire.

Vedtak:
Samrøystes i samsvar med tilråding.

38/21 RYFYLKEKOMMUNANE DIGITAL KOMPETANSE FOR ELDRE

Tilråding:
Styret i Ryfylkefondet løyver kr 760.000 til det omsøkte tiltak skildra i søknad.

Vedtak:
Samrøystes i samsvar med tilråding.

39/21 RYFYLKEFRUKT – SØKNAD OM TILLEGGSLØYVING

Tilråding:
Styret i Ryfylkefondet løyver kr. 100.000 til det omsøkte tiltaket.

Vedtak:
Samrøystes i samsvar med tilråding.

40/21 ORIENTERINGS- OG DRØFTINGSAKER

a. Rekneskap pr 30.08.2021

b. Løyvde midlar 2021

c. Skiping og registrering av nytt kommunalt oppgåvefelleskap

Tilråding:
Styret tek informasjonen til vitande.

Vedtak:
Samrøystes i samsvar med tilråding.

41/21 YMSE

Det var ingen saker til handsaming under ymse.

Geir Ims